

LETT HOLLANDSK SJUKE DAGEN DERPÅ

Med store ressursbaserte inntekter bør den økonomiske politikken difor sette opp skylappar hos folk flest mot flaumen av ressursinntekter, slik at ingen let seg friste til å påverknad og overforbruk.



TEKST: KLAUS MOHN, PROFESSOR VED HANDELSHØGSKOLEN UIS

I år er det 50 år sidan den norske olje- og gassverksemda blei etablert. I mellomtida har ressursbaserte løner og inntekter i Noreg nådd til toppen av europeiske rangeringar. Mange let til å tru at rikdommen har kome fordi me har vore så flinke, at den norske modellen har gjort oss immune mot hollandsk sjuke og at ressursrike land verda rundt burde gjere nett som oss.

Olje- og gassverksemda har rett nok ført med seg mykje positivt. Me har fått høg økonomisk aktivitet, arbeidsløysa var lenge låg og velferdsordningane er fortsatt rause målt mot andre land i Europa. I tillegg kjem at den enorme finansformuen i Oljefondet har auka rommet for å bruke statsbudsjettet aktivt i møte med økonomiske tilbakeslag, som til dømes under finanskrisa i 2008-2009.

Like fullt bør ein minnst at økonomisk teori og erfaringar frå andre ressursrike land tyder på at oljebasert overflod medfører utfordringar. Ser ein nærmare etter, så vil ein og sjå at det norske glansbiletet heller ikkje er plettfritt.

Husk først at olje- og gassverksemda ikkje leverer verdiskaping i tradisjonell

forstand, og at store delar av inntektene dermed heller ikkje er å rekne som vanlege inntekter. Viktige delar av verksemda handlar mest om å flytte formue – frå bakken til banken. Og om ein flytter pengar frå ein konto til ein annan, så kan det knappast være tale om verdiskaping. I slike tilfelle gjeld det å ikkje la seg blende

bruken av oljepengar over Statsbudsjettet kunne auke i nett same takt. Slik har den norske modellen medført at offentlege utgifter har forsterka dei oljerelaterte impulsane til norsk økonomi. Resultatet er ein offentlig sektor som både er større og dyrare å drive enn det som er vanleg i nabolanda våre.

2013 var timeløna i norsk industri nærmare 60 prosent høgare enn hos dei me handlar med i EU. På dette viset la det oljefyrte oppsvinget grunnlaget for ei markant svekking av konkurransevna for heile fastlandsøkonomien, nettopp slik teorien for hollandsk sjuke føreskriv.

Symptoma på hollandsk sjuke er sjeldan påtrengande i medgangstider. Utfordringar knytt til overforbruk og konkurransevne kjem gjerne opp i dagen først når ressursinntektene passerer toppen, som følge av tilbakeslag i produksjon eller prisar.

Etter festen kjem testen – på om den norske modellen for oljeforvaltning er god nok, på om vernebuinga er på plass for å handtere omstillinga, på om norsk økonomi vil tåle ei utflytning i verksemda me har levd så høgt på i så mange år.

*Etter festen kjem testen
- på om den
norske modellen for
oljeforvaltning er
god nok.*

av pengestraumane.

Med store ressursbaserte inntekter bør den økonomiske politikken difor sette opp skylappar hos folk flest mot flaumen av ressursinntekter, slik at ingen let seg friste til å påverknad og overforbruk. Dette er ein hovudidé bak Oljefondet, som er etablert nettopp for å demme opp mot lekkasje av oljeinntekter gjennom statsbudsjettet.

Men Oljefondet har stige over alle støvleskaft, og handlingsregelen for finanspolitikken har i realiteten sørgja for at

I tillegg kjem at den direkte verknaden av aktivitet og sysselsetting i olje- og gassverksemda har gått under politikarane sin radar. Frå årtusenskiftet fekk oljeprisauka med seg ei utygla auke i oljeselskapa sine utgifter som har vart inntil nyleg, og sysselsetting og løner i oljerelaterte yrker har stige med 5-7 prosent i store delar av perioden.

Den norske modellen for inntektsopp-gjera har i sin tur medført at lønsauka i oljenæringa fekk bre seg til andre næringar og langt inn i offentlig sektor. I

KÅKÅNOMICS

Norges første, beste og morsomste økonomifestival.

Tid: 29. mars - 1. april 2017.

Sted: kåKå, Sting Nere, m.fl. arenaer.

Klaus Mohn sitter i redaksjonsrådet.